

Fiskeri- og næringsdepartementet
Postboks 8008 Dep

0032 OSLO

Ved: Martha Skog Astrup

Dykkar ref.:
15/5414-5

Vår ref.:
2015/100001

Oslo, 10.02.2016

HØYRING: HEVA KVOTETAK I KYSTFLÅTEN OVER 11 METER

Vi viser til høyringa av 09.11.2015 om kvotetak i kystflåten.

I dei fleste flåtegruppene har det i seinare tid blitt mulig å strukturere, noko som har lagt grunnlag for fiske større deler av året for fleire fartøy, og som dermed sikrar fleire heilårsarbeidsplassar i fiskeria. Større kvoter vil vanligvis gi større inntekter, noko som kan legge til rette for større/bedre fartøy og dermed gjere arbeidsforholda bedre for mannskapet.


Ved strukturering blir inntektene større, men det blir vanligvis også gjelda. Som finansieringsinstitusjon ser Innovasjon Norge at i ein del tilfelle er det ikkje tilrådelig å låne ut så mykje som krevs for å strukturere i ønska omfang, sidan lønsemda etter vår meining kan bli altfor marginal.

I eit berekraft-perspektiv er det viktig å ha fiskefartøy som er utstyrt for å kunne ta vare på mest mulig av biprodukt og restråstoff, slik at alle ressursane som blir henta frå havet, blir godt utnytta. Dersom det blir mulig å samle så mykje som ti kvotesett på eitt kystfartøy, stiller vi imidlertid spørsmål ved om mannskapet greier å ivareta kvaliteten på fangsten. Med store volum vil det også bli krevande å handtere alt av biprodukt på optimalt vis.

Makrell 11-13 meter kan bli ei "innelåst" gruppe med tanke på framtidig utvikling dersom hovedgrensa blir trekt på 11 meter. Vi vil derfor be om at det blir gjort ei vurdering av om det kan vere hensiktsmessig å innføre like heimslengder/grupper for pelagisk fisk og kvitfisk.

Vi ser positivt på at reiarlag i ulike grupper får strukturere. Men vi erfarer at for ein del reiarlag aukar gjelda ved strukturering så mykje at sjølv små endringar i prisar, volum, renter m.m. kan gjere det vanskelig å oppnå positive resultat. Vi håper det blir lagt til rette for godt samsvar mellom fangstvolum og kapasitet på fartøyet slik at kvaliteten held seg god gjennom alle ledd, og at tilnærma all fangst blir utnytta.

Med vennlig helsing
for Innovasjon Norge



Inger Solberg
direktør



Aase-Merete Remøy
seniorrådgivar